

Kain og Abel

- av Åse Helene Røsvik –

- kapittel 1-

- Fortell om da de var i hagen! Abel kraup saman under skinnfellen bak ryggen på bror sin. Han hutra litt. Føtene var kalde. Mor pakka godt på begge to og sette seg på kne ved sida av dei.

Det var mørkt. Berre glørne frå bålet midt i teltet gav eit koseleg skin. Gjennom åpninga som vende mot himmelen kunne gutane sjå stjernene blinka. Den siste gode lukta av kveldsmaten steig opp ut av teltet.

Abel var mett no. Han hadde vore skrubbsvolten da han kom inn. Far og Kain hadde med seg fanget fullt av grønsaker. Så hadde dei kokt og ete.

Mor fann fram nøtter og frukt som ho hadde plukka i skogen, - det var ein god kveld.

Abel gledde seg til kvar kveld no – han lengta etter å høyre meir, for mor og far hadde mykje å fortelje. Abel ville vite alt.

- Fortel om det igjen da mor! – og mor fortalde: - Eg slo opp augo mine for fyrste gong og såg meg omkring. Så fint alt var. Så reint, lyst og lunt. Praktfull og frodig sto naturen der, fullført og i orden.

- Men alt er no fint no óg! Kain blanda seg inn.

- Ja, sa mor, - men ikkje slik som den gongen. Ikkje visne blad og avbrotne greiner... Far sat og såg undrande på meg. Han gneid seg i augo og visste ikkje om han drømde eller var vaken. 'Endeleg!' høyrde eg han sa – 'Gud har gjeve meg ein like til å vere saman med'. Han såg strålande glad ut.

- Du skulle berre ha visst kor glad eg vart! Adam rusla fram og attende ved eldstaden. - Gud Herren hadde vist meg alle dyra han hadde skapt. Dei var fine – kvar på sin måte – men ikkje eitt var likt meg. Eg kunne ikkje snakke med nokon av dei, - berre Gud Herren kunne eg samtale med. Likevel var det ei uro midt i den fine harmoniske hagen. Men da eg såg mor, vart eg berre glad. Ho er det beste av alt Gud har gitt meg!

Det vart ein pause.

- Fortel meir da! sa Abel. Bak ryggen hans kunne ein høyre Kain sine jamne andedrag. Trøyt etter arbeidet på åkeren hadde han sovna. Abel var lys vaken – han måtte høyre meir.

- Så tok far meg med på ein spasertur da, veit du! Det var så mykje eg måtte sjå og få greie på – slik som du vil no - og far fortalde.

Kain og Abel
- kapittel 2 –

Denne hagen planta Gud Herren for meg, - for oss. Det er vi som skal dyrke han, passe han. Sjå her, smak på denne du... - Mmm, så godt.

Inn mellom trea sprang og leikte små dyr. Det var ein hare, ein katt, ein hund og ein rev. Når vi kom, trekte dei seg varsomt unna.

- Kvifor gjer dei det? Spurde eg.
- Fordi vi er herrer over dei, - og råder over dei.
- Å...!

Litt lenger frame møtte vi to svære løver som sto og strakte seg. Oi sannn! – desse er vel over oss. Må vi ikkje lyde desse?

Nei da, - ikkje desse heller.

Enn alle oppi trea? – og fuglane som flyg oppe i lufta?

- Nei, også dei skal vi råde over.
- Det var svært!

No var vi kome fram til elva. Den rann så stilt. Hjort og antiloper sto langs kanten og drakk. Dei såg opp da vi kom, bøygde hovuda sine audmjukt og rusla inn mellom trea med flotte rørsler.

- Kom hit! Far ropte på eit dyr, og ein sau kom springande med to lam etter seg.
- Sjå desse, er dei ikkje søte? Dette er ditt.

Far gav emg eit oppi fanget. Han la hovudet inn tilmeg. Han var ikkje redd. Eg klappa og strauk han over ryggen. Lammet såg på meg og likte seg hos meg. Far tok det andre på fanget sitt. Mora sto attmed og kjende seg tilgodesett. Overalt der vi gjekk møtte vi blikk fulle av respekt.

Så sto vi der, midt i hagen. To tre sto framfor oss.

- Dette er Livets tre, sa far. Det beste av alle trea i hagen.
- Smak og sjå at Herren er god! Ja, Abel du skulle ha kjent smaken. Eg gløymer aldri den smaken!

Brått vart far streng og alvorleg i anletet. Han sto framom det andre treet.

- Dette er treet til kunnskap om godt og ondt. Dette må vi ikkje ete av. Et vi av det, må vi døy! Det sa Gud Herren. Vi tåler det ikkje, det er ikkje vårt!

Eg styggja. Huff, eg syntest det lukta sterkt fråstøytande.

- Kom, lat oss gå no, sa eg og tok far i handa.
- Vi treng det ikkje heller. Det er nok av gode frukter her i hagen!
- Kvifor hadde Gud planta det treet i hagen? Spurde Abel.
- Det skal du få høyra i morgonkveld. Legg deg til ro no, Abel, eg kan ikkje fortelje meir i kveld.

Ilden vart slokt. Også Adam hadde sovna under fellen sin.

Kain og Abel

- kapittel 3 –

Dagen var i full gang. Mor Eva stelte med mat ved teltet, og småsøstrene leika seg attmed. Kain var opptatt med grønsakåkeren sin. Sola skein varmt.

Abel gjekk og funderte. Det var dette spørsmålet frå i gårkveld han grunda på: Kvifor planta Gud Herren det treet mor fortalde om i går? Eit tre til kunnskap om godt og vondt, - og som det ikkje gjekk an å ete av. Kvifor kunne ikkje alle tre vere gode?

Han kjende til både tre og urter som var giftige no. Eingong åt han nokre bær han ikkje kjende, da vart han sjuk. Men den gongen mor og far var inne i hagen, ilag med Gud Herren, og alt var harmoni...?

Sauene hadde lagt seg med i graset til ein middagskvil. Da får Abel sjå far kome utav skogen på veg heimover.

- Eg vil spørre far, tenkte Abel.
- Far, far, vent litt!
- Kva er det, Abel?
- Kvifor planta Gud det treet til kunnskap om godt og vondt?
- Går du og grundar på det?
- Ja, det var så skummelt at ikkje alle trea var gode da heller, da alt var i orden elles.
- Du veit det, guten min, det var ein vond fiende da og. Men vi var gode, og han kunne ikkje gjera oss noko når vi var i lag med Gud Herren. Ikkje kunne han røre hagen heller, det var eg som skulle dyrke og vakta den. Men før, for lenge sidan, var det denne englehovdingen som fekk dette ansvaret. Han skulle dyrke og vakta Guds nyskapte jord. Han var vel den høgaste av englane, difor fekk han eit slikt ærefullt verv.
- Korleis gjekk det då, far?
- Han trudde etterkvart at han visste alt like godt som Gud, og så ville han starte for seg sjølv, vere Gud, og sin eigen herre. Kanskje trudde han at alle englane skulle bli med han. Men det blei dei ikkje. Dei fleste var tru imot Gud.
- Men jorda då, far, korleis gjekk det med den?
- Du har vel høyrte det. Han var ikkje så dyktig som han trudde. Alt vart tomt, mørkt og kaldt og øydelagt. Sjølv vart han avsett frå si høge stilling.
- Om eg var Gud, sukka Abel, da ville eg slutte ut heile jorda når det gjekk slik.
- Å, nei du! Gud er rikare enn det. Det han byrjar med, det fullendar han og. Og så let han sin Ande koma med varme, - og han sa:
- Det verte ljøs! Og så var han i full gong att.
- Vår Gud gir ikkje opp om noko kjem i vegen. Men du forstår det, Abel, at når han gjorde alt godt att, så måtte det stå eit slikt skummelt tre der. Ellers ville det ikkje vore sant! Gud måtte lære oss at det fanst ein fiende, ein øydeleggjar i livværet, forat vi kunne velgje det gode og ikkje bli lurt. Du veit han var svært ovundsjuk på oss, denne fienden. Vi hadde fått den stillinga han hadde før. Og han planla hevn.
- Kom heim no! Ropa Eva. - Maten er ferdig!
- Kom lat oss gå. Vi får talast ved sidan, sa far Adam.

Kain og Abel

- kapittel 4 -

- Vil du fortelje til meg i kveld og?

Abel såg på mor si medan ho la ny ved på glørne.

- Kva vil du høyre i kveld då?
- Meir om hagen vel! Far fortalde med om dette skumle treet i dag, - og om fienden. Ikkje fortel om det no når det er så mørkt. Det var så nifst. Fortel noko anna.
- Det synes eg og. Eva tenkte seg om. – Lat emg sjå, eg vil fortelja om da eg møtte Gud Herren første gong!
- Ja-a.
- Kom Kain, mor vil fortelje.
- Eg fekk far med meg bortover siten, bort frå kunnskapstreet. Eva såg drøymande ut.
- Brått stod han der. Vi bægde oss audmjukt. Eg trong inga forklaring på kven han var. Eg visste det, - kjende det. Gud stod framfor oss. Da eg torde sjå opp, - sjå han inn i auga, gjekk spaninga i hjarta mitt over til ro. Han er glad i med, synest om meg! Jubla det inni meg.
- Korleis såg han ut då? Ville gutane vete.
- Han likna far, men større og meir lysande. Han hadde skinande kvite klede. Akk ja, det lyste av oss også den gongen, men ikkje slik som av Han. Han var ikkje vår like, sjølv om han likna. HAN er Gud. Alle blikk eg hadde møtt denne dagen var fulle av beundring, - kjærleik, - mest frå far, men og frå alle dyra. Men dette blikket var så fullt av alt godt at eg får ikkje til å skildra det. Kan de forstå noko av det, gutane mine?
- Eg trur det, svarer Abel. – Eg veit kor glad du og far er i meg.
- Ja, Abel, men det var mykje meir enn det!
- Kva sa han då? Spurde Kain.
- Han signa oss og sa: ”Vær fruktbare og fyll jorda, legg den under dykk og råd over fiskane i havet og over fuglane under himmelen og over kvart dyr som rører seg på jorda.”
- Så sto han der og såg seg rundt. Han såg tilfreds ut. Fred kvilde over heile andletet. Vi var med i denne freden. Vi levde der vi sto saman med Han. Det var som å drikke friskt vatn når ein er tørst. Eller som å ete av livsens tre, som eg fortalde om i går. Uroa, lukta, stemninga vi kjende like før, attmed kunnskapstreet, var stroke vekk. For meg er det godt å halda meg nær til Gud!
- Legg dykk no, gutane mine, eg vil slutte her i kveld.
- Fortel meir da, mor, ber Abel.
- Nei Abel, det vert så mykje trist eg må fortelja deg seinare, - du som vil vite alt. Lat oss tenkje på Herren og det eg fortalde no. God natt.

Kain og Abel

- kapittel 5 –

- Kom, Abel! Kain var i fullt sprang oppover lia. Abel etter. Sauer, hyrdestav, åker og hakkegrev var gløymt. No var det fri! Lette på foten, spenstige, for dei oppover mellom høge, tjukke stammer, heilt opp på ein åsrygg.
- Sjå her, Abel, her kan vi byggje hus.
- Slå opp telt, meiner du vel.
- Neida, - hus, - mange hus, av stein!
- Stein? Trur du det? Kvar skal vi finne dei?
- Der, Kain peikte mot elva som rann ut i havet like ved. Ja, sannelig, der er stein nok.
- Og her, fortel Kain. – I midten her skal vi byggje eit alter. Eit stort eit, større enn det far har. Kom! Vi byrjer med det samme.
- Men sola går snart ned, Kain!
- Vi vin å hente litt.

Så sprang dei ned til elva. Tok av seg skinnkjolane og hoppa uti, - sumde.

- Sjå, desse steinane er fine og kantete. Desse kan vi byggje med!

Kain var ivrig no. Så lesste dei stein opp i kjolane sine og bar med dei vann. Børa til Kain var størst, trenasom han var etter åkerarbeidet. Nakne, spenstige gutekroppar bøygd under kvar si tunge bør, oppover lia med faste steg, medan Gud malte kveldshimmelen raud bakom dei,

Kain og Abel

- kapittel 6 –

Eva sat tankefull da Adam steig inn i teltet.

- Det var godt du kom. Eg har lyst til å spørja deg om noko før gutane kjem.
- Synest du eg skal fortelja dei alt om da eg, - da eg falt i synd?
- Har du ikkje fortald det enno? Spør Adam.
- Nei, ikkje alt. Ikkje du heller?
- Ikkje meir enn det eg sa da vi ofra til Gud siste gong, at vi er syndarar som treng frelse, - og at vi treng dyreskinnet til å kle oss i. Eg veit ikkje kor mykje dei forsto da.
- Dei veit nok at dei er syndarar sjølve også no. Eg høyrer dei kranglar av og til. Ein gong såg eg Kain lugge Abel så han skreik og sprang etter Kain med hyrdestaven.
- Det er visst ikkje tvil om det, sukka Adam. - Og eg som trudde Kain var den Gud Herren tala om i hagen da Han da: ”Kvinna si ætt skal knuse hovudet på slangen.”
- Ja, hadde det vore så vel! Slangen har ikkje fått hovudet sitt knust enda. Han driv sitt spel med oss. Akk ja sann.
- Du Adam, kan du ikkje fortelja om det i kveld, - og om fallet og offerlammet? Snart må vi leita oss eit lam igjen og ofre på alteret. DA må Abel forstå kvifor vi gjer det. Hugsar du kor han gret sist vi gjorde det?
- Ja, eg hugsar det, seier Adam. – Kain tok det tungt óg, men på ein annan måte. Snart er dei like store som oss, og da må dei kjenne sanninga om både oss og seg sjølve. Ja, og om Gud. Tenk at Han ikkje var utan råd etter falle heller!

Kain og Abel

- kapittel 7 –

Tett låg mørket over lia. Åkeren, steingjerdet der sauene var samla og teltet der menneska budde. Stilt venta naturen på ein ny dag. Men inne i teltet var det ikkje så stilt denne kvelden. Sann kunnskap skulle gjevast vidare til nye ætteledd. Og i himmelen tok Gud fram boka si og skreiv: ”Da tal dei med kvarandre dei som ottast Herren, og Herren lytta til og høyrde det, - og det vart skrive ei minnebok for dei som ottast Herren og tenkjer på hans namn.” (Malakias 3:16)

- Sett dykk i ro no gutar. I kveld skal eg fortelja for dykk. Adam var morsk i røysta, for Kain og Able var fulle av påfunn i kveld. Dei tiska og kviskra og teikna på moldgolvet og la store planar.
- Høyr etter no, vi skal snart bera fram eit offer til Gud att, og difor skal eg fortelja kvifor vi gjer det.

Det vart brått stilt. Gutane mintes sist det vart gjort. Det fine lammet som eg var så glad i, - enn at far drap det, tenkjer Abel. Enn at far, som elles er så snill, kunne gjera noko så stygt! tenkjer Kain.

- Det har seg slik, byrja Adam, - at denne fienden vår som eg fortalde om ein dag før, Abel, han la sine planar. Han unte oss inga lukke. Mor hadde møtt berre gode og kjærlege blick heilt frå ho slo augo sine opp i hagen. Og da ho ein dag møtte denne slangen, skjøna ho ikkje at det var fienden. Han såg så flott og snill ut. Eg var ein annan plass i hagen akkurat da.
- Mor, kva sa han da? Dette var spanande, tykte Kain.
- Han lurte på om det var slik at Gud hadde sagt vi ikkje skulle ete av noko tre i hagen. Og eg kjente at eg var litt svolten nett da., og tykte at det høyrdest trist ut.
- Men det hadde vel ikkje Gud sagt! Kva sa du til det da, mor? Spurde Abel.
- Eg sa det eg visste, at vi hadde lov til å ete av alle tre, - det var berre eit tre vi ikkje skulle ta frukt frå. Dette treet midt i hagen. Ét vi av det, må vi døy!
- Heilt rett, mor! Ropte Abel. – Da måtte han vel gje seg og gå vekk.
- Nei du, den gamle slangen gir seg ikkje så lett. No tala Adam att. – Han berre sa at vi ikkje skulle døy.
- Eg skulle ha forstått at det var noko skummelt med denne personen no, når han sa imot det Gud hadde sagt, sukka Eva. – Men alt gjekk så fort, og eg tenkte ikkje stort. No gjorde han seg til som om han hadde omsorg for meg, og skulle fortelje meg spanande løyndommar.
- ”Veit du kvifor Gud har nekta dykk dette treet? Han vil undertrykkje og halde dykk nede. For han veit at når de ét av det treet, da blir de lik Gud på den måten at de kjenner godt og vondt.”
- No høyrde eg etter. Dette var lett å forstå, - at Gud ville vere Gud åleine. Eg tenkte på møtet med Han, Majesteten. Kunne Han, som lyste av godleik, ha baktankar med å nekte oss dette treet? Umerkeleg hadde fiende fått meg heilt fram til treet, og eg måtte sjå på det. Så flott det var! Eg kjende ikkje lukta eg kjende sist. Det dufta freistande, irriterande og lokkande på same tid. Eit prektig tre! Tenk at Gud hadde nekta meg dette! Eg kjende svolten att. Eg hadde gløymt å ete denne dagen, berre leika meg med dyra heile tida.
- Kva gjorde du da, mor? Spør Kain.
- Eg tok og åt, Kain!
- Åt du?! Abel ropte det ut.
- Ja, Abel, dette er sanninga om meg! Eg vart lurt.
- Å, mor, kvifor gjorde du det? Abel gret.

- Hysj da, Abel, ikkje sikkert det var så farleg, seier Kain. – Fortel meir da, mor. Men mor sa ikkje meir. Ho tok Abel på fanget sitt og strauk han over ryggen. Store guten gret så han hiksta.
- Berre gråt du, Abel, dette er til å gråtaover. Ver viss på det!

Kain og Able

- kapittel 8 –

- Fortel meir da, far! Kain gir seg ikkje. Abel vert stille og lyder han óg. Og Adam forteller:
- No var eg komen fram til treet. Ei uro drog meg, eg tenkte mor var i fare. Eg kom nett da mor beit i frukta. Det stakk i meg! Da såg eg fienden smaug seg inn mellom trea. For eit fjes! Han lo hånleg. Og mor rakte meg ei frukt.
- Åt du og da? Spør Kain.
- Kva skulle eg gjera? Eg var glad i Gud, i hagen og dyra, men mor var meg så kjær! Eg ville ikkje gå frå henne. ”Har du ete, så ét eg og, tenkte eg. Eg orka ikkje sjå på at dene fienden dreg avstad med deg som Gud gav meg”. Så tok eg imot og åt. ”Lat oss vera i lag i døden som i livet!”
- Slik ville eg og tenkt, mumla Abel frå fanget til mor.
- No fekk vi sjå at vi var nakne, held Adam fram.
- Var de ikkje det fær da?
- Vi trong ikkje klede før, for vi var fullkomne, - det lyste av oss. No var glansen borte. Vi sto ribba. Da fann vi på å plukke store blad som vi hefta saman med grasstrå. Vi sa ikkje stort til kvarandre, vi berre arbeidde utan å sjå opp. Hefta bld til blad. Men vi tenkte dess meir. Mørke, redde, triste tankar. No kjem døden snart. Vi fraus! Vi skulle kjenne godt og vondt, sa slangen. Huff, dette var vondt! Enn om han kjem att, skal tru kva han finn på da? undras eg. -Kven? Spurde mor. - Slangen, fienden, svara eg. - Huff, så nifst! sa mor og satte seg tett attmed meg. Handa hennar skalv. Eg tok den i mi, men eg hadde ingen trøyst å gje. Da hørde vi fottrinn. Å, kor glad eg hadde vore i denne lyden. Herren! Men no vart eg redd for alvor. – Kom, lat oss gjøyma oss! sa eg, og vi sprang langt in i hagen. Vi hefta på oss blad-draktane våre. Men fottrinna kom etter. Og så ropte han: ”Adam, kvar er du?!” Han hørdes ikkje streng ut. Det var sår lengt i røysta hans. Eg svara ikkje. – Hysj, sa mor. – Kan vi ikkje gå? Ho såg bedande på meg. – Men vi må døy, sa eg. – Vi går lell, eg vil sjå Han ein gong til. Døy må vi no i alle høve no. Lat oss døy hos Han. Så gjekk vi fram frå gjøymestaden vår, skjelvande og bleike.

Kain og Abel

- kapittel 9 –

Adam fortel vidare:

- Gud Herren sto pg venta på oss. Eg måtte seie noko, forklare: ”Eg høyrde deg i hagen, da vart eg redd av di eg er naken, og eg gøymde meg.” Da sa Han: ”Kven har sagt at du er naken? Har du ete av det treet som eg forbaud deg å ete av?” Og eg sa: ’Kvinna som du gav meg til å vera hos meg, ho gav meg av treet, og et åt.’ No vende han seg til mor: ”Kva er det du har gjort?” Og ho svare: ’Slangen lurte meg, og eg åt.’
- No kom vi på kor redde vi hadde vore like før. Redd for at han skulle koma att, denne slangen. Kvar var han no? Da fekk vi sjå han. No lo han ikkje. All hån var vekk frå blikket hans. På Herrens bod måtte han stå der og høyra domen sin, med eit forteina uttrykk i andletet.
- ”Fordi du gjorde dette, skal du vere forbanna mellom alt feet og alle villdyra. På buken skal du krypa, og mold skal du eta alle dine levedagar.”
- Vi høyrde godt etter. Han liksom krympa inn der han stod, - seig ned på marka. Kor letta vi var! Vi som hadde vore så redde denne personen. Men Gud Herren var enda ikkje ferdig med si domsforkynning:
- ”Og har vil eg sette mellom deg og kvinna, mellom di ætt og hennar ætt. Dei skal hovudet ditt, og du skal hogga dei i hælen.”

- Eg kjende da noko som liknaglede som strøymde inn i hjarta mitt. Etter all uhyggen eg hadde vore gjennom denne dagen, hadde eg nær gløymt kva glede var. No jubla det: Slangen skal ikkje få kona mi! Herren har sett fiendskap mellom dei, og hennar ætt skal knuse hovudet hans! Ei ætt! Kan hende det er ei framtid!!
- Så vende Herren seg til mor, no skulle hennar dom forkynnast: ”Eg vil gjera di møda stor kvar gong du går med born, med smerte skal du føde borna dine. Du skal lengta etter amnnen din, og han skal råde over deg.”
- Mor, kva tenkte du da Han sa dette? Gutane hadde høyrd spent etter heile tida. - Born, er det ikkje vi det?
- Ja, gutane mine, det er de. Han talar om born, tenkte eg. Han talte om mi ætt tilslangen. Dette er ikkje død. Gud Herren forkynner liv, enda Han ser streng ut i andletet. Møde, smerte, - eg visste ikkje så mykje om det den gongen. Ætt, born, liv, var det eg tenkte på. Eg kjende motet seig inn i sjela att.

Kain og Able

- kapittel 10 –

- Det er seint no, skal vi venta til i morgon med å halde fram? spør Adam.
- Nei, vi er ikkje trøytt. Vi må høyre kva Han sa til deg og, far. Sa Han noko til deg?
- Jau, eg måtte og høyre domen min. Eg kjenner det i ryggen og armane i kveld. Trøytt? Ja, hadde det ikkje vore fordi de er så flinke til å spørje, så hadde eg somna for lenge sidan. Veit de kva Han sa til meg? ”Fordi du lydte kona di og åt av det treet som eg forbaud deg å ete av, skal jorda vere forbann for di skuld. Med møda skal du næra deg av henne alle dine levedagar, torn og tistel skal ho bera deg, og du skal ete urtene på marka. Med sveitte i andletet skal du ete ditt brød, til dess du fer i jorda att, for av henne er du teken. For av mold er du, - og til mold skal du verte att.”
- Er det det som er død, å fare i jorda? Å bli til mold? Kain grøssa.
- Ja, her forkynte Herren død, min død, menneska sin død. Men Han tala om levedagar óg, med møde, slit og arbeid på ei forbanna jord.
- Det veks no godt på åkeren min, far!
- Ja, du er dyktig, Kain, men du arbeider óg, seint og tidleg.
- Sa Gud Herren at vi skulle gjere det?
- Ja, det sa Han.
- Eg liker det eg, - arbeide og sjå at det veks, - dyrke mat.
- Eg ser og meining i det, seier Adam. – Det held meg på plass, så eg ikkje vert livslei og umulig imot dykk. Du veit, eg hugsar tida i hagen og eg. Det var annleis alt da. Gud Herren var meg så nær. Veit du kvifor eg kalla mor for Eva? Det var no, etter at domen var forkynt eg gav henne namn: Eva, det tyder ”Mor åt alle dei levande.”
- Men ho var da ikkje mor enda? spurde Abel.
- Nei, men ho skulle bli det. Gud Herren hadde sagt det.
- Trudde de det da? undrast Kain.
- Trudde? Eg visste. Næ ein står andlet til andlet med Gud, veit ein at det Han seier er sant. Vi slapp å krypa på marka slik som slangen. Vi sto. Herren hadde gitt oss livskraft med orda sine. Han hadde tala om møde, smerte, død, men Han hadde óg tala om ei ætt, om born og levedagar. Og enda var Han ikkje ferdig. Du hugsar lamma vi hadde i hagen. Dei tok vi i fanget og leika oss med den dagen Gud Herren gav meg mor.
- Å ja, eg hugsar du fortalde om det, sa Abel.
- No kom dei fram mellom trea. Dei gjekk heilt fram til Gud Herren da Han kalla på dei. Lydig gjekk dei i døden.
- Døydde lamma? Abel kvapp til.
- Gud Herren slakta dei medan vi såg på. Blodet rann med på marka.
- Så fælt! ropa Kain. Dei hadde vel ikkje gjort noko gale?
- Så tok Han skinna og laga kjoler til oss.
- Var det så kaldt da? spurde Kain.
- Ja, vi trong klede, men forstår du ikkje at slik forklarte Gud Herren kva død er? No såg vi det i si fulle gru! Vi slapp å døy. Vi fekk livet i gave. Men lamma måtte døy i vår stad.
- Eg trur eg forstår det no, seier Abel.
- Ikkje eg, seire Kain. Dette liker eg ikkje.

- Like eller ikkje like. Slik er det saka står. Adam sukker. – No er vi trøytte alle. Lat oss kvila oss etter all strev og møda denne dagen.

Det første bleike skinn av dag lyste fram bak fjella i aust, så menneska gjekk til ro denne natta.

Kain og Abel

- kapittel 11 -

Det gjekk smått med husbyggina oppå åsryggen. Gløden til Kain var dabba noko av. Og Abel tenkte berre på offerlammet far skulle slakte. Kain tykte broren var noko stussleg der han gjekk og passa småfe dagen lang. Det såg ut som han likte sauene og lamma betre enn nokon gong. Og dei likte han. Dei kom springande og ville gå rundt beina hans alle i hop. Ofte bar han eit lam i armane sine

Det var åkerarbeid Kain var opptatt med. Han likte å tenkje på at dette hadde Gud Herren sagt til far, - at han skulle dyrke jord. Karfolkarbeid.

Han braut vekk ein stor stein. No skulle åkeren bli større. Dobbelt så stor hadde han tenkt. Dei trengte meir mat ettersom dei vaks og vart større, både han, Abel og dei to systrene deira. Her skulle bli rikeleg til alle.

Han tørka sveitte frå panna. – Skal tru om Gud Herren liker å sjå meg no?

I morgon, hadde far sagt, da ville han ofre på alteret. Minnast at livet var ei gåve, av nåde, - og at synda si straff måtte ein annan ta.

Kain skulle vere med. Alle måtte det. Systrene og, enda dei ikkje forsto stort enda. Kain likte ikkje å tenkje på det.

- Var det naudsynt å gjere dette? Kan hende far tok i miss.

I kveld ville far fortelja meir. Kain var spent.

Kain og Abel

- kapittel 12 -

Og Gud Herren sa: ”No har mennesket vorte som ein av oss og kjenner godt og vondt. Berre det no ikkje rettar ut handa og tek av livsens tre og lever evig.”

Huslyden var samla igjen. Adam sa fram dette Gudsordet. Med ein gong var gutane fulle av spørsmål.

- Kvifor var det så farleg da, å ete av livsens tre? Det hadde de da lov til før? Kain fører ordet.
- Før ja, men ikkje no.
- Enn om de hadde rukke å ete før Herren sa dette. Da kunne vi ha levd evig alle. Kvifor gjorde det ikkje det? Livet er da så kjekt!
- Du kan seie det, men ikkje eg som veit kva livet var før. Og kva vi ville gjort dette evig lange livet vårt til, undrast eg på. Helst ville vi blitt leie av kvarandre og umulige. Ja, eg veit ikkje kva, - trøytt, sure, grinete, livsleie. Ja, kva trur du? Det er nok best vi har nådedagar istaden for ei uendeleg ørk av dagar utan meining.
- Du er rar du far, er du ikkje redd døden?
- Å, jau, men eg trur Gud Herren har planar. Kan hende har han ein hage i tankane att.
- Etter døden?
- Kven veit. Han bruker ikkje slutte ut planane sine. Eg såg noko i augo hans før vi gjekk ut av hagen. Det var ikkje berre dom og død å sjå der. Han elsker oss endå-
- Gjekk de frivillig ut da?
- Nei, først viste Han oss vegen: ”Der kan de gå!” Han peikte. ”Der er åkermarka, gå dit!” Men vi nølte, ville ikkje vekk frå hagen og Herren, der var vi vane med å bu. Åkerbruk hadde eg lite greie på. Da dreiv han oss ut. ”Gå” Han gjekk bak oss og vi måtte ut av den første boplassen vår. Ut frå dei trygge, gode livskåra våre, - til noko ukjent. Så sette Han englar til vakt. Vi kunne ikkje gå inn att. Dei hadde blinkande sverd i hendene sine. Dei såg fryktelege ut.
- Enn om de hadde gått lell da?
- Da hadde sverda nådd oss, det ville vore døden.

Kain og Abel

- kapittel 13 –

Offerhøgtida var over. Skinnen hengt opp til tork. Kjøtet var brent på alteret. Livsens alvor hadde prega stunda. Alvoret låg enda over huslyden. Jentene pusla stille med sitt, - men så måtte dei spørje mor.

- Snart er det deira tur til å vite alt, tenkte Abel. Neste gong det skal ofrast, må de gjere det sjølve, hadde far sagt til han og Kain etterpå. 'De kan ikkje leve på mi tru no når de er så store. Søk Herren sjølv. Syn Han at de forstår at livet har vi fordi ein annan må døy!' hadde far sagt. Det uskuldige lammet. Tenk at det må døy fordi vi har synda. Så hardt livet var no. Enn om mor ikkje hadde vorte lurt den gongen, korleis ville alt ha vore da? Da ville døden vore ukjent. Ingen kunnskap om vondt.

Det er Abel som tenkjer på alt dette.

- Kva går du og grundar på no da? du ser så fjer ut! Kain er litt kvass i målet.
- Eg tenkjer på lammet som måtte døy.
- Du og desse lamma. Skulle mest tru dei var folk, slik som du puslar med dei.
- Men dei er no så fine og uskuldige. Tenk at dei må døy forat vi skal leve!
- Er du no så sikker på det da? Eg har byrja tru at far tek feil i dette. Kan skjøna Gud er ikkje så streng. Du har vel høyrte mor fortelje om kor god og kjærlig Han er.
- Men Han slakta dyr etter dei hadde synda.
- Dei trong klede.
- Dei trong soning for synda óg!
- Eg tenkjer Gud tilgav dei lell, om Han er så kjærleg som dei seier.
- Han hadde sagt at den som synda måtte døy.
- Eg ser ikkje nokon slange. Eg tenkjer han vart arbeidsudyktig etter at han måtte krype på buken. Han klarer ikkje lure nokon no. Kain snur seg brått og går med harde steg bort til åkeren sin.

Undrande og lengtande står Abel all og ser broren gå sin veg.

Kain og Abel

- kapittel 14 -

Etter denne samtalen var ikkje Kain og Abel så mykje saman lenger. Kvar stelte med sitt. Kain sturde og grubla, vart lett irritert. Mor prøvde å tala med han om kva som plaga han, men han sa alltid: - Det er ikkje noko.

Enn om dei kunne hatt det slik ilag som da dei var små, - da dei leika ilag og la planer, tala om Gud utan å verte usamde! No turde han knapt nemne Gud for Kain meir. I staden tala han med systrene sine. Dei ville gjerne høyre om offerlammet og alt ihop. Ofte kom dei og ville sitje på kvart sitt kne. Så fortalde han, medan småfeet fjekk rundt dei og åt gras.

Etterpå kunne dei springa bort til Kain på åkeren. Abel vona dei fortalde til Kain om offerlammet på ein betre måte enn han sjølv. Det såg ut som han likte systrene sine. Alle måtte no like dei, så glade og tillitsfulle som dei var!

Elden knitra og skein så koseleg. Alle var i godlag. Dei åt og skrytte.

- Grønsakene er særst gode og saftige i år, særleg frå din åker, Kain. Far Adam tok ein stor bit.
- Dine er vel like fine, sa Kain, glad over far sin ros. Og alle måtte skryte, - dette var godt!

Abel sat og såg på bror sin. - Eg liker det så godt når du er slik, tenkte han, glad og tilfreds. Ofte låser du andletet ditt. Du ser mutt ut, helst når du møter emg åleine. Men når huslyden gir deg gode ord for maten du kjem heim med, fell du til ro, er deg sjølv og liker det i rosen du får. Du kjenner deg godtatt. Du skulle berre vite kor gald eg er i deg, anten du fortener skryt eller ikkje!

- Ja, gutane mine, sa far, da dei var ferdige med maten. – Offerdagen nærmar seg att. Og denne gongen må de byggja alter sjølve.
- Eg har bygd alt, seire Kain. – Oppe på åskanten, eit stort, fint alter.
- Det er bra . Enn du Abel?
- Skulle eg ikkje bruke det same som det, Kain?
- Du kan byggje sjølv. Eg vil stelle til mi eiga høgtid.

Kain og Abel

- kapittel 15 -

Den store dagen er komen. To alter står klare. Veden er lagt på. Der kjem Abel med lammet i armene sine, - det finaste han fann. Andletet hans er prega av sorg, men stega er faste og målretta. No er han framme ved alteret. Eit enkelt alter, berre nokre steinar lagt saman. Han fell på kne. – Be du om kraft no, Able? Så reiser han seg, tek brått kniven og drep lammet med eit handdrykk. No er det gjort. Blodet renn. Tårene også, nedetter Abel sine smale kinn. Med stille høgtid legg han lammet til rette på veden og går eit godt stykke ifrå. Da kjer det. Eld frå Himmelen slpr ned på alteret. Det knitrar og brenn. Han veit kva det tyder: Gud Herren ser til offeret hans og finn det rett. Abel bøyer seg til jorda i tilbeding og undring. Herren er nær. Sorg, lengting, einsemd druknar i eit hav av glede i møte med Gud Herren.

Enn du Kain, - kva er det du steller med? Oppover åssida går han med si tunge bør på ryggen. Kva har du i bora di, Kain? – det beste du fann? Du leita godt og såg vel etter om det skulle vere visne blad eller markhol, rotflekkar. Da kasta du dei. Alt du har med er friskt og godt. Grønsaker av alle slag. Tungt? Ja, men du er sterk, Kain. Du greier denne kneiken. Så legg du tilrette på veden. Side om side, som eit utstillingsbord. Så flott! No bøyer du deg til jorda. Kva bed du om, Kain? Kva ventar du på? Ventar du elden frå Himmelen, slik du har sett det da far Adam ofra? Lenge ligg han stille, ikkje ein lyd. Han går fram, rettar litt på veden. Går attende og bøyer seg til jorda. Ventar. Ingenting skjer. – da reiser han seg, vil fram til alteret att. Brått ser han det! Nede på sletta stig blå røyk rett opp til Himmels frå Abel sitt offer.

1 Kor 5:7-8: "For vårt påskelam er da slakta: Kristus. Lat oss så halda helg...."

Kain og Abel

- kapittel 16 –

Kain traskar nedover åssida. Sinnet kokar i han: - Kva er det for ein Gud som gjer skilnad på folk? Og sjølv sagt var det Abel som skulle dra det lengste strået. Å, kor det hadde irritert han å sjå da kor lett vint han tok alt. Gå der og pusle med desse sauene dag etter dag, medan andre arbeidde så svetten rann. ”Med svette i andletet skal du ete ditt brød” var det ikkje det Herren sa? Og no...

- ”Kain!”

Han høyrde nokon rope namnet sitt .

- ”Kvifor er du sint, Kain, og stirer ned?”

Kain kjende ikkje røysta. Han såg ingen heller. Var det Herren? Røysta var både streng og god på same tid. Minte om røysta til far. Sinnet la seg litt:

- Tenk at Han taler til meg!

- ”Er det ikkje slik at dersom du har godt i sinnet, da kan du fritt sjå opp. Men har du ikkje godt i sinnet, da ligg synda på lur ved døra og har lyst på deg, til å herske over deg, men du skal vere herre over den!”

Kain høyrde etter. Han måtte vedgå det var sant der han sto. Han hadde langt frå godt i sinne. Skulle ein vente anna? Kunne ikkje Gud godta mitt offer like godt som Abel sitt? Var det ikkje flott kanskje. Og så mykje arbeid og slit som låg bak! Men synda skal ikkje få lov til å styre meg. Eg skal nok vere herre over den, slik Herren sa. Sannelig skal eg det!

Da han traff dei andre, hadde han kome til ei slags ro. Møtet med Gud la ein dempar over eit brusande sinn. Alt snakk om ofringa prøvde han å unngå. Til slutt gjekk han ut, - ville vere åleine med grublingande sine.

Inne sat Abel ilag med foreldra. Det var helg i deira sinn. Dei tala om Herren, så augo skein i kveldsskumringa.

Kain og Abel

- kapittel 17 –

- No, - korleis går det med den heilage gudsmannen og feet hans? Kain klarde ikkje styre seg. Måtte seie noko, - terge...
- Kva meiner du, Kain?
- Du hadde ikkje problem med å få det til å brenna, såg eg. Eg går ut frå at du må vere heilag ettersom Herren synes så svært om deg.
- Kain, - du skulle kjenne meg like godt som eg gjer det sjølv.
- Eg skulle meine det ja, - og enda gjer Gud skilnad på folk.
- Brann ikkje offeret ditt?
- Ikkje ein gnest unna Gud meg, etter alt strevet. Kain skar ein grimase.
- Er det difor du har sett så hard og ulukkeleg ut? Kva slags dyr ofra du da?
- Dyr? – du veit da vel at eg ikkje orkar denne slaktinga. Eg ofra av åkeren min, grønsaker av finaste kvalitet.
- Men Kain da! Har du enda ikkje forstått? Synd krev død og at blod vert utrent..
- Synd! Alltid talar du om synd! Herren sa vi skulle dyrke jorda og ete brødet vårt med sveitte i andletet. Det har eg gjort. Eg veit ikkje noko om synd.

Sinnet lyste frå augo hans. Abel såg på han med dei milde augo sine.

- Kain, er det ikkje synda som herskar over deg no?
- Fy, kva du skuldar meg for!
- Men Kain da! Sjå saueflokken her, og lamma. Vel ut kva du vil. Sjå der er eit lam, feilfritt. Kor glad eg er i det, du skal få det, Kain. Ofre det på alteret ditt, så skal du sjå det brenn. Det er uskuldig, men ikkje du. Eg er heller ikkje uskuldig. Det var offeret mitt Gud likte. Sjå her. Ta det!

Men Kain hadde løfta jordhakka si. Fordreidd i andletet av sinne gjekk han mot bror sin.

- Vil du halde opp med denne talen din, elles skal eg stoppe deg!

Han hogg til! Med eit sukk seig Abel til marka. Skremd sprang sauene kvar sin veg. Armane hang tunge langs sida på Kain. Jordhakka fall ned på marka. Kain såg det var blod på den. Det rann blod ut mellom skinnkjolen og bringa til Abel. Munnen kunne ikkje tale meir. Augo hans søkte Kain sine, stille, bedande. Så brast dei. Abel var død...

Kain la på sprang. Langt, langt – til han ikkje orka meir.

Kain og Abel

- kapittel 18 –

- ”Kain! Kvar er Abel, bror din?”

Han kjende att røysta No var Herren ute etter han at. Kunne han ikkje få fred?

- Eg veit ikkje. Skal eg passe på bror min?
- ”Kva har du gjort? Høyr blodet til bror din ropar til meg frå jorda! Og no skal du vera bannlyst frå den jorda som opna munnen sin og tok imot blodet til bror din frå di hand. Når du dyrkar marka, skal ho ikkje gje deg avling. Heimlaus og fredlaus skal du vera på jorda!”

Det sokk i Kain. No såg han følgjane av det han hadde gjort. Fekk han Abel til å teie, så makta han ikkje rå med Herren! Han var for sterk. Korleis skulle han leve no? Da sa han til Herren:

- Skulda mi er større enn eg kan bera. Sjå, du har i dag drive meg ut av landet, og eg lyt gøyme meg for augo dine og vera heimalus og fredlaus på jorda. Kven som finn meg kjem til å slå meg i hel.

Da sa Herren til han:

- ”Nei! For drep nokon Kain, så skal det hemnast sju gonger.” Og Herren gav Kain eit merke, så dei ikkje skulle slå han i hel, kven som fann han.

Så skulle han altså få leve. Han burde falle til jorda og takke Herren for denne nåden. Verte hos Herren, tale om dei andre børene sine, samvetet, framtida, æva. Ein augneblink kjende han seg mjuk, sår i sinn, svak...

Da snur han seg. - Eg går, tenkte han. Eg greier ikkje stå her. Eg må vekk, vekk frå Herren sitt andlet. Han ser tvers gjennom meg. Eg må greie meg sjølv. Og børa trykkjer tyngre di lenger vekk han kjem.

Kain og Abel

- kapittel 19 -

Lang tid er gått. Ein mann er på vandring i grålysinga. No kjem han opp i åsen og kan skimte teltleiren.

Å, kor han lengta etter å sjå att denne dalen. Her levde han lukkeleg eingong. Da var det ikkje mange telta.

Han ser det er fleire no. Fleire saueflokkar kviler i innhegningar bortover landskapet.

Huff! Han snublar, støyter seg på noko. Sanneleg er det ikkje alteret han bygde eingong. Her står det enda. Minnene riv opp løynde sår.

- Eg vil heilt ned til skogkanten, tenkjer han.

Dagevis har han vore på vandring for å sjå dette. Her bur folk, - mykje folk! Sjela hans skrik etter samfunn. Han merkar ikkje at dagen kjem.

Så ser han dei, - og høyrer dei. Born kryp ut av telta. Vaksne óg. Far, - mor, - og der kjem ei kvinne åleine ut av eit telt. Han kjenner ho att. Korleis kan han anna, - den eldste systra si. Ho er vaksen no, for lenge sidan. Så fin ho er, - lik mor.

Snart er det yrande liv overalt. Folk gler seg over ein ny dag. Her er livsfylde, kjenner han. Men no må han gå. Han riv seg laus, spring stilt inn mellom trea. Kjem i skjul. Så traskar han austover, dag etter dag, til han når landet sitt. Nod, kallar han det. Det tyder 'flukt'. Der skal han halde fram med einebuarlivet sitt til han døyr ein dag.

Kain og Abel

- kapittel 20 -

Nye år er gått.. Kain bur i Nod-landet framleis. Ein dag ser han eit menneske kome opp mot buplassen hans.

- Folk her! Han ville springe. Da ser han kven det er: Systra si!
- Er det du, Kain?
- Ja, kjem du hit?
- Åra har merkt deg, du ser like gamal ut som far.
- Det har vore harde år. Kvifor kjem du? Visste du kvar eg var?
- Ja, vi har visst det lenge. Mor og far og eg. Du skulle berre visst kor far har leita.
- Han har vore her da?
- Ja, han såg det utafør her, men gjekk heim etterpå. Han greidde ikkje snakke med deg.
- Enn du da?
- Eg er glad i deg enda eg, Kain. Mor og far óg. Dei vil du skal kome heim no. Dei vil tilgje deg.
- Sørgjer dei framleis over Abel?
- Å ja, Kain, men enda meir over deg. Sorg er for svakt eit ord. Ei uforklarleg gru fyller sinnet vårt når vi tenkjer på at Abel er vorte. Men det er vår trøyst at han hadde fred og glede i sinnet sitt. Han var hos Herren i livet. Han er nok det no óg. Enn du, Kain? Har du ofra til Herren desse åra? Eg ser her er mange skinn.
- Nei, ofra har eg aldri gjort meir. Men jakta var eg nøydd til, måtte ha klede. – Korleis er det heime da? Det er lenge sidan eg såg heim. Eg var der ein gong. Teltleiren var står, såg eg.
- Det er mykje folk no. Mor og far fekk ein som i staden for Abel. Vi kalla han set. Det er lenge sidan han blei vaksen. Han fekk systra vår til kone. Dei kalla fyrste sonen sin Enos. Mange har vakse opp etter det.
- Enn du da? Vaks det ikkje opp ein mann til deg?
- Eg tenkte du skulle kome heim. Etter Enos vart fødd byrja dei å kalle på Herrens namn. Dei ber så mykje heime no. Herren er så nær.

- Eg kan ikkje. Eg må bli her.
- Kva vil du her heile livet?
- Det går ein dag i senn. Eg ber på tunge bører.
- Da blir eg her hos deg!
- Kan du orke det? Kan hende får eg krefter og livsmot da, kan byrje å gjere noko.
- Kva da? vil du dyrke jorda att?
- Den vegen er stengd. Men eg hadde ein draum til tidleg i livet: å byggje noko som synest.Hus, mange hus av stein.

Så fekk du enda ein nåde, Kain. Du fekk kone og kraft til å grunnlegge ei ætt. No skulle Guds godleik drive deg til omvendning. Men du omvendte deg ikkje. Du bruker livskraftene dine til å byggje ein by, - gjere deg sjølv sterk, forskanse deg mot Herren. Du byggjer ein veg, - vert opphav til ein kultur, ein måte å leve på som fører til dom. Forstår du ikkje, Kain, følgjene av eit liv utan samfunn med Gud? (Judas 11)

EPILOG

Det står ingen plass i Bibelen at det voks opp to systre ilag med Kain og Abel. Det som står er at etterat Adam hadde fått Set, levde han enno åtte hundre år og fekk søner og døtre. Så det kan vere to av desse døtre Set og Kain fekk til koner.

Det som fekk meg til å tru at det kan hende vaks opp to ilag med Kain og Abel, er ordet; ”Eg vil gjere han ei medhjelp som er hans like”. To med lik bakgrunn som dei to gutane, same opplevingane, - og som kjende dei fra fyrst av. Ho som Gud Herren hadde tenkt til Abel, vart kona til Set, for han vart gitt istaden for Abel.